



Samarbeidsavtale

Føremål

Føremålet med dette samarbeidet er å redusere administrasjonsmengda med internasjonale mobilitetsprosjekt for den enkelte skulen eller opplæringskontoret, slik at organisasjonen heller kan fokusere på det praktiske med gjennomføringa av prosjekta.

Innhald og ansvarsfordeling

Denne samarbeidsavtalen gjeld for prosjektstøtte til utplassering, utveksling og hospitering i utlandet av elevar, lærlingar og tilsette innanfor fag- og yrkesopplæringa i Møre og Romsdal.

Den gjeldande organisasjonen har ansvaret for den praktiske gjennomføringa av sitt delprosjekt, og for oppfølginga av sine egne elevar/lærlingar/studentar/tilsette. Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvaret for å skrive den felles Erasmus+ KA102-søknaden, og sende den til Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku) innan den gitte fristen.

Møre og Romsdal fylkeskommune forpliktar seg med dette å fordele dei tildelte midlane frå Erasmus+ til dei deltakande organisasjonane. Fylkeskommunen skal ta seg av registrering av deltakarar og sluttrapportering i EU-plattformen «Mobility Tool», og den gjeldande organisasjonen forpliktar seg til å dele nødvendig informasjon om sine delprosjekt og deltakarar, som fylkeskommunen har behov for i søknads- og rapporteringsprosessen.

Gyldighet

Denne samarbeidsavtalen er gyldig frå 01.01.19 til 30.06.21.

Signaturar

Organisasjon:

Møre og Romsdal fylkeskommune

Namn: _____

Rolle: _____

Stad og dato: _____

Signatur: _____

Organisasjon:

Namn: _____

Rolle: _____

Stad og dato: _____

Signatur: _____

